
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 7. januar 2016 12:02
Til: !Postmottak OED
Emne: Nytt hørings svar til 15/1456 - TFO 2016 - Høring - TFO-området og forslag til utvidelse

Referanse: 15/1456
Høring: TFO 2016 - Høring - TFO-området og forslag til utvidelse
Levert: 07.01.2016 12:02
Svar type: Med merknader
Kontakt avsender: Møre og Romsdal fylkeskommune
Kontaktperson: Bengt Endreseth
Kontakt-e-post: bengt.endreseth@mrfylke.no
Tittel: TFO 2016 - høring

Uttalelse:

Grunna høringsfrist sender fylkesrådmannen følgjande framlegg til høringsuttale til Olje- og energidepartementet og ettersender Møre og Romsdal fylkesutval sitt vedtak.

Framlegg til høringsuttale

1. Det er gjort betydelege investeringar innan petroleumsindustrien og i infrastruktur i den sørlege delen av Norskehavet. Det er difor vesentleg, både ut frå samfunns- og bedriftsøkonomiske omsyn å sikre at petroleumsindustrien også her får tilgjenge til nytt leiteareal, og at omsynet til eksisterande infrastruktur vert vektlagt ved tildeling av lisensar. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det bør rettast eit sterkare fokus på den sørlege delen av Norskehavet.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at berørte fylke må verte ein formell part i framtidige PUD/PAD -prosessar (plan for utvikling og drift, og plan for anlegg og drift) i forkant av offentlege høyringar. Dette for å sikre reelt høve til å kome i inngrep med prosjekt på eit tidleg tidspunkt, prosjekt som har stor betydning for regional næringsutvikling, og for å sikre gode demokratiske prosessar forut for utbyggingar, både for aktiviteten på land i Norskehavsregionen og i Norskehavet.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at Olje- og energidepartementet i sine utlysingar i større grad må påverke selskapa til å etablere kontraktar med ein storleik og kompleksitet som er tilpassa næringsstrukturen i regionen. Dette er viktig for å sikre stabil aktivitet i næringslivet og ved eksisterande drifts- og basemiljø. Dette er endå viktigare no, då det er tydelege signal frå industrien at nye rammevilkår vil kunne ramme breidda i leverandørnettlet i regionen negativt. Lokale og regionale arbeidsplassar er viktige, også for å sikre petroleumsnæringa legitimitet.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at utviding av blokker som inngår i TFO-2016 i Norskehavet skjer innanfor rammene av den aktuelle forvaltingsplanen.

Vedlegg: -